

Årsmøteprotokoll 2020. (50 fram møtte p.g.a. corona; fleire måtte avvisast.)

Før møtet heldt Oddny Irene Miljeteig føredrag om barndommen sin i Åkrafjorden.

Ho førde oss til eit veglaust samfunn i ei anna tid, og ho fortalde om liv med mykje arbeid og menneskeleg varme. Ho fortalde om tankar om adopsjon, om ein god heim som ho måtte forlata altfor tidleg, noko som nok har prega henne. Ho formidla levande engasjement for menneske, men også angst og uro då ho møtte livstruande sjukdom.

Timen gjekk fort; forteljinga fall i god jord. Det var ikkje bøker nok til alle som ville kjøpa; fleire skreiv seg på venteliste.

Etterpå vart det servert nydelege karbonadesmørbrød og marsipankake .

Årsmøtesakene:

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste.

Godkjent.

Sak 2: Val av møteleiar og skrivar.

Gerd Laura Bondhus, møteleiar og Astrid Eikeland, skrivar.

Sak 3: Val av 2 til å skriva under møteprotokoll.

Unni Vatne Nedrevåg og Grethe Brundtland.

Sak 4: Årsmelding.

Vedteken.

Sak 5: Rekneskap.

I rekneskapsåret er det brukt meir pengar enn det som har kome inn

(ca 28.000,-) . Noko skuldast tekniske årsaker , men laget har også gått glipp av inntekter p.g.a. coronatiltaka. Laget har pengar på konto og økonomisk ryggrad til å bera dette. (ca 250 000,-)

Rekneskapen vart godkjend.

Sak 6: Val.

Leiar – 1år: Esther Falk. attval

Styremedlemmer for 2 år:

Helga Fossheim	ny
Gunnbjørg Raudstein	ny
Irene H. Haavik	ny
May Britt Undheim	ny
Astrid Bjørnebøle Hass	1 år att

Varamedlemmer for 1 år:

1.vara: Else Mari Huse	attval
2. vara: Aud Helen Øen	attval
3. vara: Ingrid Helene Lund	ny

Turnemnd for 1 år:

Marian Thunold	attval
Inger Johanne Slåtten	attval

Revisorar for 1 år:

Else Helleland	ny
Vigdis Uglehus Bøyum	attval

Strikkekafeen for 2 år:

Kirsten Bjørnebøle	1 år att
Gerd Laura Bondhus	1 år att
Martine Ljostveit	ny

Varamedlemmer for 1 år:

Line Sundal attval
Elisabeth Arnevik ny

Valnemnd :

Inger Johanne Rød Vågen (frå 2019)
Anne Mari Omvik Furdal (frå 2016)
Anne Beth Enes (frå 2017)

Rosendal, 14.10. 20
Astrid Eikeland.

Unni Vatne Nedrevåg

Grethe Brundtland